

UTTALE OM:

NOU 2009:18 Rett til læring

Kap. 13 Tidlig innsats og forebygging

Det er positivt av barnehage og skuleeigar får plikt til systematisk og kontinuerleg oppfølging av barn og elevar si utvikling, læring og læringsmiljø. Det kan vere bra at det vert innført eit felles verktøy for tidleg innsats og oppfølging i form av læringsboka som skal følgje borna/elevane gjennom barnehage, grunnskule og vidaregåande.

Vi må likevel passe oss for at dette ikkje vert eit verktøy som skal "måle" kunnskap og utvikling etter ein felles mal. Ein må ikkje berre måle, men også vere medvitne på barn si utvikling.

Vi treng kompetente vaksne som er medvitne på barn si utvikling for å sikre "rett bruk" av verktøya.

Barnehagen si rolle for barn si språklæring er godt dokumentert og mange barnehagar gjennomfører systematisk og jamleg kartlegging av barna sitt språk og utvikling.

Det er likevel nær samanheng mellom kvaliteten på tilbodet og effekt av læring. I den samanheng vert det viktig å auke pedagogressursen i norske barnehagar. Når tilskot til tiltak for barn med nedsett funksjonsevne vert innlemma i rammetilskotet frå 2011 vert det viktig å sikre tilstrekkeleg med ressursar slik at kommunane klarer å sikre barn med behov for særskilt hjelp og støtte et godt og likeverdig tilbod

Det er bra at det vert foreslått to foreldresamtalar som eit minimum per år og vi er nøgde med at staten tek sterkare styring i den forstand at ein sikrar ein viss minimumsstandard i norske barnehagar og skular.

Det viktigaste er likevel eit godt og inspirerande språkmiljø av høg kvalitet.

Vi saknar fleire innspel om tospråklege born.

Kap 14 Rett til ekstra tilrettelegging i opplæringa

At retten til spesialundervisning vert erstatta av rett til ekstra tilrettelegging i undervisninga kan bidra til sterkare grad av tilpassa opplæring. Men med ein slik reform må det følgje pengar, slik at ein får høve til å setje inn ekstra ressursar der dette er naudsynt. Med dagens skulebudsjett er det ikkje muleg å t.d styrke bemanninga.

Vi er usikre på om forslaget kan vere med på å svekke retten til spesialundervisning for dei som treng det, men trur ikkje det er stor fare for dette. Vi saknar meir utfyllande forklaring på forslaget i høve til det pedagogiske og metodiske.

Det er nødvendig med styrking av den spesialpedagogiske kompetanse i skule og barnehage. At vedtak kan fattast utan sakkunnig vurdering er ok ved funksjonsstøtte, men ikkje ved spesialpedagogiske behov. Her er sakkunnig vurdering frå PPT ei viktig støtte for den som skal fatte vedtak. Det er viktig med godt og nært samarbeid mellom PPT, foreldre, skule og barnehage om dette!

Kva er forskjellen på når ein skal utarbeide sakkunnig vurdering i det nye forslaget i høve slik det er no?

Kap. 15 Tilpassa og fleksible utdanningsløp

Det er viktig med nært samarbeid mellom alle som er involverte i opplæringa av barn og unge slik at dette ikkje vert overletne til einskildpersonar. Dette vil bidra til å skape heilskap og samanheng i opplæringa og dermed kvalitetssikring av opplæringa.

Vi treng fleire med spesialpedagogisk kompetanse/kompetanse i tilpassa opplæring i skule og barnehage. Tilpassa opplæring og differensiering må inn i lærarutdanninga. Det er bra at det

vert sett i gang tiltak for å auke kompetansen i barnehage og skule (fem - årig utviklingsprogram) Det må følgje ressursar med dette slik at tiltaket kan gjennomførast ute i kommunane.

Å kvalitetssikre overgangar er særst viktig!

Kap. 16 PP tenesta og Statped Tettare på

PPT er på god veg til å bli tettare opp til skulen. Men må ha eit system som vi kan samarbeide med og arbeide i forhold til.

Det er ikkje berre PPT som skal tilpasse seg, men også skule og barnehage. PPT må tilførast kompetanse slik at ein kan stette krava som vert stilt i høve til dette.

Nasjonalt utviklingssenter kan vere positivt dersom det vert lagt til rette for at alle kan nytte seg av dette.

Dersom Statped vert organisert i fire spesialpedagogiske senter må ein prøve å oppretthalde dei samarbeidsformene som er etablerte.

Omorganseringane vil ikkje få svært store konsekvensar for oss når det gjeld nærheit (vi har ingen kompetansesenter i fylket)

Dei statlege hørselsskulane har vi nytte med gode resultat. I samband med at Lillegården kompetansesenter med noverande ressursramme vert tatt ut av Statped sitt ”portefølge” foreslår vi å knytte dette til eit nasjonalt senter for PPT.

Det vert foreslått at overskytande midlar etter at tiltaka er sett i verk, skal brukast i PPT. Det er stor mangel på ressursar lokalt i PPT og med endra og kanskje fleire arbeidsoppgåver må det følgje med ressursar til ekstra stillingar!

Kap 17 Heilskap krev tverrfaglig og tverretatleg samarbeid

Vi er ikkje einige i at individuell plan skal heimlast i barnehagelov og opplæringslov. Dette er motstridande i høve til at PPT skal bruke meir tid på råd og mindre til skriving. Det vil føre til utvida oppgåver i høve til lovverket. Vi skal ha fokus på opplæring!

Dette høyrer heime helse og sosial og går langt utanom vårt ansvarsområde.

PPT bør ikkje få sjølvstendig tilrådingsrett til BUP. Det vil medføre meir koordineringsansvar for PPT og vi ser ein fare for at PPT då vert ein lokal BUP.

Det må lagast klare og gode rutinar for samarbeid med barnevernet.

Kva med elevar mellom 4 – 7 klasse når SFO ikkje er eit godt alternativ?

Mange born fell utanom her!

Det må satsast mykje sterkare på leksehjelp. Dette er eit viktig førebyggjande og utjamnande tiltak som kan bidra til likeverdig opplæring og kanskje også mindre behov for spesialundervisning.

Kap 18: Kompetanse på alle nivå

- Det er viktig med auka kompetanse om tilpassa opplæring og differensiert undervisning i lærarutdanninga (og som etterutdanning/vidareutdanning)
- Det må vere samsvar mellom utgifter og statlege overføringar når det gjeld etterutdanning/vidareutdanningar (t.d GNIST)
- Både assistentar og barne og ungdomsarbeidarar må få tilbod om kompetanseheving
- Det femårige kompetansehevingsprogrammet der PPT skal bidra til utviklingsarbeid må tilpassast PPT sin situasjon i kvardagen. Kva skal innhaldet vere?
- Det må vere krav til kompetanse for dei som skal jobbe i PPT
- Det må vere samsvar mellom kompetanse og lønn

**Utfordringer og mulegheiter i oppfølging av barn og unge med særskilte behov.
Med våre kommentarar.**

Trekk ved spesialundervisninga	Ønska utvikling	Vår kommentar
Spesialundervisning vert sett for seint i gang (størst omfang på ungdomstrinnet)	Tidleg innsats og førebygging av problem	Viktig at det vert lagt til rette for tidleg innsats gjennom opplæring, tverretatleg samarbeid, gode overgangar og nok ressursar og kompetanse.
Stor bruk av assistentar og timar som ikkje vert gjennomført fordi spesiallærar vert brukt som vikar	Lærarar med høg Spesialpedagogisk kompetanse er avgjerande for læringsutbyttet	Det er stor mangel på kvalifiserte vikarar. Det må utdannast fleire lærarar slik at vi har vikarar å setje inn ved fråvere. Det er ikkje slik vi vil ha det. Dette har med tilgang på vikarar og ressursar å gjere.
Meir segregering av elevar med eigne tilbod og ei auke i omfang av spesialundervisning	Inkluderande og differensiert opplæring gir best resultat	For å få til dette må det opplæring, forplikting og tilstrekkelege ressursar til.
Svært lite systematisk vurdering av elevens læringsutbytte av spesialundervisninga	Kontinuerlige vurderingar med parallelle korrigeringar i undervisninga er avgjerande	Dette er viktig og har med tilpassa opplæring å gjere. Skulane må forpliktast på dette.
Rigide prosedyrar, stabile opplegg, undervisninga utan forklaringsbidrag til læringsutbytte, avlastingsfunksjonar for lærarane	Fleksible og individuelle strategiar knyt til kvar einskild elev sine behov i spesifikke situasjonar	Har med tilpassa og differensiert undervisning å gjere.

Sula kommune – Lese og skrivegruppa – 12.11.09

Anne Kari Vadset – Marit Sandvik – Synnøve Molvær Vågnes

Turid Olava Stokke – Marit Tone Aasen